



Per Sigmund Villanger
Svartediksvæien 23b
5009 Bergen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/3912 - 23/52302

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
23.06.2023

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 418/11 Villanger

Tiltak: Søknad om arealoverføring
Byggjestad: Gbnr 418/11
Tiltakshavar: Per Sigmund Villanger

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.05.2023.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kommunen finn at søknaden ikkje kan handsamast etter læra om frådelling til uendra bruk. Bruken må vere etablert og lovleg før området vart sett av til LNF.

Det må derfor søkjast om dispensasjon frå arealformål LNF i kommunedelplan Radøy. Informasjon om dispensasjon finn ein mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#). Me gjer merksam på at søknad om dispensasjon skal nabovarslas.

2. Avstand til driftsbygning. I føresegn 3.4.3 punkt 3 i kommunedelplan for Radøy står det at det ikkje skal opprettast ny grunneigedom nærare enn eksisterande driftsbygning enn 50 meter. Dette gjeld for arealformål LNF – spreidd busetnad. Det bør gjerast greie for kvifor dette punktet skal fråvikast/ søkjast om dispensasjon frå føresegna.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 28.07.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Til orientering vert saka sendt til landbruksavdelinga i kommune for handsaming etter jordlova. Når kommunen har motteke søknad om dispensasjon vert saka sendt til uttale til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren har 4 veker frist til å komma med uttale. Når fristen er ute, eller kommunen har motteke uttale, vert saka handsama.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Per Sigmund Villanger

Svartediksvæien 23b

5009 Bergen